



**Det vekte ei viss merksemd då ein av katamaranane i bygda i går kveld låg fast på ein sandbanke like utanfor elvemunningen. Men eigar av den flotte farkosten, Kristian Stensletten, kunne beroliga med at dette var ei planlagt grunnstøyting. Han sette båten på sandbanken for å gjennomføra litt vedlikehaldsarbeid på skroget.**

Lokalkjend som han er, hadde han ikkje store problem med å finna ein høveleg plass for ein båt med to skrog.

Han sette katamaranen på sandbanken på fjøre sjø og reknar med at båten kjem laus på flo ved 4-tida i morgon tidleg.

Foto: Ola Matti Mathisen